



Hope Eiendom AS
Ervikveien 23B
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18521 - 20/81438

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
22.12.2020

Ferdigattest vertikaldelt tomannsbustad - gbnr 108/544 Lindås

Administrativt vedtak: Saknr: 1403/20
Tiltakshavar: Hope Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Nyplassen Bygg AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for vertikaldelt tomannsbustad på gbnr 108/544. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.03.2011 (rammeløyve) og 10.02.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 26.11.2020.

Skildring

Adresse:	Grønfjellia 28A og 28B
Bygningstiltak:	Tomannsbustad, vertikaldelt
Bygningsnummer:	300210274 (28A) og 300210275 (28B)
Bruksareal:	298m ²
Avlaup:	Offentleg kloakk
Vatn:	Offentleg vassverk

Tal på røykløp:	2
-----------------	---

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/18521

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hope Eiendom AS
Nyplassen Bygg AS

Ervikveien 23B 5106
Selvikveien 24 5106

ØVRE ERVIK
ØVRE ERVIK